

## Revisjon av HMS-retningslinje 07 HMS-koordinator

Eksisterande tekst	Kommentar	Ny tekst
1. Alle verksemder har plikt til å følgje opp systematisk helse, miljø- og tryggleiksarbeid (HMS) etter forskriftene. Møre og Romsdal fylkeskommune har utvikla sitt eige kvalitetssystem der ein har lagt til rette for ein enkel mal som tilfredsstiller forskriftene. Dette skal i hovudsak nyttast ved alle driftseiningar i Møre og Romsdal fylkeskommune. Dersom ikkje anna er avtalt, ivaretek HMS-koordinator også miljøfyrårn-oppgåvene.	Ok	Uendra tekst
2. Øvste leiar i driftseininga har det formelle HMS-ansvaret.	Ok	Uendra tekst
3. Der det er tenleg kan leiar legge dei systemrelaterte HMS-oppgåvene til ein person under seg. Denne personen vert dermed HMS-koordinator i driftseininga. HMS-koordinatorfunksjonen skal ivaretakast av ein person som har kompetanse til å ta på seg dette ansvaret.	Ok	Uendra tekst
4. Dersom driftseiningane er svært små, bør ein prøve å få til eit samarbeid om HMS-ansvar som dekkjer fleire einingar. Dette bør gjennomførast dersom det er mest rasjonelt, og ikkje fører til stort tidsbruk.	Omgrepet ansvar er endra fordi det er ikkje ansvaret som det kan samarbeidast om, men dokumentasjonen. Når det gjeld ansvar, jf. pkt. 2.	4. Dersom driftseiningane er svært små, bør ein prøve å få til eit samarbeid om HMS-dokumentasjon som dekkjer fleire einingar. Dette bør gjennomførast dersom det er mest rasjonelt, og ikkje fører til stort tidsbruk. Ansvar ligg fast, jf. pkt. 2.
5. På avdelingsnivå bør ein tilstrebe å dele opp område for HMS-ansvar og verneområde slik at HMS-koordinator og verneombod dekkjer dei same gruppene.	Dette pkt. går ut, jf. pkt. 2 og 4. Ansvar kan ikkje delast opp.	Går ut
6. HMS-koordinator har ansvar for at dei ulike oppgåvene tilknytt HMS-systemet vert gjennomført slik dei er dokumentert i <a href="#">HMS-rammeverket</a>	Ok	Uendra tekst, men blir nytt pkt. 5
7. HMS-koordinator skal avtale med den overordna leiar kor myke tid og ressursar som skal brukast til HMS-arbeidet. Følgjande systemoppgåver skal utførast i samarbeid med leiar for driftseininga: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fastsetje resultatmål</li> <li>• Fastsetje kven som gjer kva innan HMS-oppgåver der dette ikkje frå før går klart fram av lokal HMS mappe-2: Organisering</li> <li>• Utarbeide årsrapport</li> <li>• Vurdere HMS-tiltak som blir generert ut frå registrerte avvik og risikovurdering (sjå også HMS-retningslinje 01 - Oppfølging av uønska hendingar og avvik)</li> </ul>	Punkt 7 og 8 blir slått saman. Det er mest tenleg at HMS-koordinator, verneombod og leiar samarbeider godt om HMS-oppgåvene.  Vi bør tilpasse oss mest mogeleg til prinsippa om kontinuerleg forbetring. Oppfølging som går automatisk via avviks- og risikovurderingssystema treng behandlar i utgangspunktet ikkje konferere med andre om – med unntak om evt. større avvik med prinsipielle problemstillingar.	6. HMS-koordinator, verneombod og leiar skal samarbeide om HMS-oppgåvene. Ein del av den HMS-dokumentasjonen som dette munnar ut i skal handsamast i AMU/samarbeidsutval. Dersom det er behov for det skal HMS-koordinator og verneombod avtale med overordna leiar kor mykje tid og ressursar som skal brukast til HMS-arbeidet. Følgjande oppgåver skal skje i samarbeid mellom HMS-koordinator, verneombod og leiar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide framlegg til HMS-resultatmål evt. for AMU</li> </ul>

## HMS-retningslinje 07 HMS-koordinator - revisjon

<p>8. Følgjande HMS-oppgåver skal HMS-koordinator utføre i samarbeid med verneombodet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Drøfte status og avvik</li> <li>• Drøfte kven gjer kva innan HMS-oppgåver</li> <li>• Redigere aktivitetsplan ut frå tiltaksrapporten i forbetnings- og avvikssystemet</li> <li>• Kartleggje avvik for ulike HMS-område t.d. i vernerunden, verneombodet registrerer avvika i RiskManager</li> <li>• Vurdere biblioteksystema for forskrifter, instruksar og retningslinjer</li> <li>• Vurdere opplæringsplanane/systema</li> <li>• Gjennomføre rettleiing og rådgjeving ved behov, og ha tilsyn, og ajourføre dei vedlegga i handboka som må oppdaterast i samband med tilsyn/revisjon.</li> </ul>	<p>Det bør også konfererast med leiar og verneombod når ein har mange overskridne tidsfristar og restansar på avvik og tiltak.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fastsetje kven som gjer kva av HMS-oppgåver der dette ikkje går fram av lokal HMS-mappe 02 Organisering.</li> <li>• Utarbeide HMS-årsrapport</li> <li>• Vurdere HMS-forbetningsarbeidet generelt i eininga, bygge opp gode kulturar rundt avviksregistrering</li> <li>• Planlegge og gjennomføre risikovurderingar for einingsnivået</li> <li>• Følgje opp evt. store restansar og overskridne tidsfristar i avvik, risikovurderingar og tiltak.</li> <li>• Vurdere biblioteksystema for forskrifter, instruksar og retningslinjer</li> <li>• Vurdere opplæringsplanane/systema</li> <li>• Gjennomføre rettleiing og rådgiving ved behov</li> <li>• Ha tilsyn og ajourføre den informasjonen som må oppdaterast i HMS-mappene i samband med tilsyn og revisjon</li> </ul>
<p>9. I Møre og Romsdal fylkeskommune har vi HMS-koordinator på følgjande nivå:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avdeling / verneområde</li> <li>• Skole, kompetanseregion (tannhelse)</li> <li>• Sektornivå</li> <li>• Fylkesrådmannsnivå</li> </ul> <p>Den formelle kommunikasjonen mellom HMS-koordinatorane skal i hovudsak følgje linjeansvaret. HMS-koordinatoren for sektoren skal kontaktast før ein ev. tek kontakt med HMS-koordinator hos fylkesrådmann.</p>	<p>Tidlegare pkt. 9 blir nytt pkt. 8. I skole er det ikkje oppnemnd HMS-koordinatorar på avdelingsnivå, det gjeld berre i sentraladm. Foreslår å ta vekk siste setninga. Alternativt står det at dette gjeld berre for tannhelse?</p>	<p>7. I Møre og Romsdal fylkeskommune har vi HMS-koordinator på følgjande nivå:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avdeling i sentraladministrasjonen</li> <li>• Skole, kompetanseregion (tannhelse)</li> <li>• Sektornivå i tannhelse</li> <li>• Fylkesrådmannsnivå</li> </ul> <p>Den formelle kommunikasjonen mellom HMS-koordinatorane skal følgje linjeansvaret, med unntak for utdanning.</p>
<p>10. HMS-koordinator på sektornivå har desse funksjonane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• vere rådgjevarar og kontaktperson ovanfor HMS-koordinatorar ved skolane og tannhelsedistrikta</li> <li>• koordinere arbeidet med rapporteringa</li> <li>• koordinere evt. innspel, forslag, etc. frå dei ulike driftseiningane</li> <li>• gjennomføre tilsyn med HMS-arbeidet ved skolane/tannhelsedistrikta</li> <li>• ha ansvar for distribusjon og oppdatering av sektorvise standardar, retningslinjer og prosedyrar</li> <li>• distribuere viktig HMS-informasjon som kjem frå fylkesrådmannsnivået og evt. andre sentrale organ.</li> </ul>	<p>Tidlegare pkt. 10 blir nytt pkt. 8. Utdanning har ikkje eigen HMS-koordinator på sektornivå. Pr. i dag gjeld dette punktet berre for tannhelse.</p>	<p>8. Uendra tekst</p>

## Komplett tekst for retningslinje 07 etter revisjonsforslaget:

1. Alle verksemdar har plikt til å følgje opp systematisk helse, miljø- og tryggleiksarbeid (HMS) etter forskriftene. Møre og Romsdal fylkeskommune har utvikla sitt eige kvalitetssystem der ein har lagt til rette for ein enkel mal som tilfredsstiller forskriftene. Dette skal i hovudsak nyttast ved alle driftseiningar i Møre og Romsdal fylkeskommune. Dersom ikkje anna er avtalt, ivaretek HMS-koordinator også miljøfyrtårn-oppgåvene.
2. Øvste leiar i driftseininga har det formelle HMS-ansvaret.
3. Der det er tenleg kan leiar legge dei systemrelaterte HMS-oppgåvene til ein person under seg. Denne personen vert dermed HMS-koordinator i driftseininga. HMS-koordinatorfunksjonen skal ivaretakast av ein person som har kompetanse til å ta på seg dette ansvaret.
4. Dersom driftseiningane er svært små, bør ein prøve å få til eit samarbeid om HMS-dokumentasjon som dekkjer fleire einingar. Dette bør gjennomførast dersom det er mest rasjonelt, og ikkje fører til stort tidsbruk. Ansvaret ligg fast, jf. pkt. 2.
5. HMS-koordinator har ansvar for at dei ulike oppgåvene tilknytt HMS- systemet vert gjennomført slik dei er dokumentert i HMS-rammeverket
6. HMS-koordinator, verneombod og leiar skal samarbeide om HMS-oppgåvene. Ein del av den HMS-dokumentasjonen som dette munnar ut i skal handsamast i AMU/samarbeidsutval. Dersom det er behov for det skal HMS-koordinator og verneombod avtale med overordna leiar kor mykje tid og ressursar som skal brukast til HMS-arbeidet.

Følgjande oppgåver skal skje i samarbeid mellom HMS-koordinator, verneombod og leiar:

- Utarbeide framlegg til HMS-resultatmål evt. for AMU
  - Fastsetje kven som gjer kva av HMS-oppgåver der dette ikkje går fram av lokal HMS-mappe 02 Organisering.
  - Utarbeide HMS-årsrapport
  - Vurdere HMS-forbetringsarbeidet generelt i eininga, bygge opp gode kulturar rundt avviksregistrering
  - Planlegge og gjennomføre risikovurderingar for einingsnivået
  - Følgje opp evt. store restansar og overskridne tidsfristar i avvik, risikovurderingar og tiltak.
  - Vurdere biblioteksystema for forskrifter, instruksar og retningslinjer
  - Vurdere opplæringsplanane/-systema
  - Gjennomføre rettleiing og rådgiving ved behov
  - Ha tilsyn og ajourføre den informasjonen som må oppdaterast i HMS-mappene i samband med tilsyn og revisjon
7. I Møre og Romsdal fylkeskommune har vi HMS-koordinator på følgjande nivå:
- Avdeling i sentraladministrasjonen
  - Skole, kompetanseregion (tannhelse)
  - Sektornivå i tannhelse
  - Fylkesrådmannsnivå

## HMS-retningslinje 07 HMS-koordinator - revisjon

Den formelle kommunikasjonen mellom HMS-koordinatorane skal følgje linjeansvaret, med unntak for utdanning.

### 8. HMS-koordinator på sektornivå har desse funksjonane:

- vere rådgjevarar og kontaktperson ovanfor HMS-koordinatorar ved skolane og tannhelsedistrikta
- koordinere arbeidet med rapporteringa
- koordinere evt. innspel, forslag, etc. frå dei ulike driftseiningane
- gjennomføre tilsyn med HMS-arbeidet ved skolane/tannhelsedistrikta
- ha ansvar for distribusjon og oppdatering av sektorvise standardar, retningslinjer og prosedyrar
- distribuere viktig HMS-informasjon som kjem frå fylkesrådmannsnivået og evt. andre sentrale organ.